

**Uttale til klage på fatta vedtak i plan og miljøutvalet Lindås kommune 29.08.2018 saknr 098/18 frå Fylkesmannen datert 13.09.18.**

Sender med dette uttale til fylkesmannen sin klage på fatta vedtak i Plan & miljøutvalet 29.08 saksnr 098/18

I sin grunngjeving for klagan viser fylkesmannen til § 19-2 andre ledd m.m:  
I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene.

*«Lindås ligg i kategori to for strandsonevern (område der presset på areala er stort) etter dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.*

*Eventuelle*

*dispensasjoner i strandsona krev grundige vurderingar, og fordelane for den enkelte tiltakshavaren vil sjeldan oppveie ulempene for dei offentlege interessene i strandsona. Fylkesmannen si vurdering er at det ikkje kan leggjast vekt på at det låg eit naust her før 1960. Det er riktig at det ligg nokre naust eit stykke nord og sør for omsøkt naust, men dette kan ikkje sjåast som fortetting i eit naustområde*

Tiltakshaver søker om å få oppattført naust på samme tuft som der det tidligare nausten stod (før 1960) (sjå dispensasjonssøknad)

Naustet vert plassert på samme stad der det tidligare stod eit naust.

Inngrep i naturen er liten og omsynet til konsekvensar for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet jfr 19-2 tredje ledd er utfra dette ivaretatt.

Naustetomta ligg i forlenginga av etablert naustområde og i forhold til at det var naust på tufta tidligare meiner tiltakshaver at oppattføring vil kunne sjåast på som ei fortetting av eksisterande av naustområde.

Naustetomta er den einaste som er ubydgd i dette området.

Det at det er fleire ubygde nausttomtar i kommunen vil etter tiltakshavar ikkje være sammenliggar med denne dispensasjonsøknaden då dette gjeld oppattføring av tidligare naust og det vil difor ikkje kunna skapa presedens for andre søknadar i kommunen.

Dersom fylkesmann legg til grunn at naustet skal plasserast 0 meter frå grense til nabotuft, slik det kjem fram i saksutredning frå kommunen, vil tiltakshaver presisisera at dette er direkte feil.

I søknad inkl. kart er det sagt at avstand til nabogrense er satt til 4 meter og tilkomst til sjø for almenta vil ikkje vere hindra.

Fylkesmann peikar på at tomta er relativt flatt og tilgjengelig.  
Tiltakshaver vil til dette opplysa at tomta vesenleg består av ein steinrøys som er der det tidligare naustet stod elles er tomta i bakkant bratt og utilgjengeleg ,sjå også vedlagt kart som ligg ved saka .  
I naturdatabasen er Seimsfjorden registret som eit kartlagt friluftsområde og ligg utanfor omsøkte dispensasjonssøknad.

Tiltakshavar har tatt del i opparbeiding av veg og parkering samt årleg vedlikeholdskostnader på denne vegen.

Fylkesmann har ikkje teke omsyn til dette i sin vurdering og tiltakshavar meinar dette vil vere til fordel for ålmenta for tilkomst til strandlinja noko som styrkar natur-og frilufts føremålet og vil derfor ikkje sette LNF-føremålet vesentleg til side.

Tiltakshavar meinar utfå overnemnde at § 19-2 andre ledd andre setning er oppfylt. Her syner tiltakshaver og til lovens formål §1-1 første setning:  
Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte,samfunnet og fremtidige generasjonar

Utfrå ei samla vurdering meinar tiltakshavar at føremonene er klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon til oppattføring av naust på omsøkte naustatomet.

Mvh  
Ivar Hopland